



NVE

FITJAR KRAFTLAG SA
Sandvikvågvegen 45
5419 FITJAR

Vår dato: 05.08.2026

Vår ref.: 202613490-6 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE gir løyve til mellombels senking av vasstanden for Olstjørna i Fitjar kommune, Vestland fylke

Vi viser til søknad av 24.06.2026 om løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for å senke vasstanden i Olstjørna under LRV. Først i brevet finn du NVE sitt vedtak med tilhøyrande vilkår. Deretter kan du lese om tiltaket og NVE si grunngeving for vedtaket.

NVE sitt vedtak

NVE gir løyve til at Fitjar Kraftlag SA kan senke vasstanden i Olstjørna til 2,5 m under LRV i inntil éi samanhengande veke i perioden 5.8.2026-3.10.2026.

Løyvet er gitt i medhald av vassressurslova § 8.

NVE stiller følgjande vilkår

- Alle vasstands-/vassføringsendringar skal skje gradvis slik at stranding av fisk og andre vasslevande organismar blir minimerte eller unngått så langt det er mogleg.
- Det må førast løypande tilsyn med areal nedstraums for utløpet frå Rimbareid kraftverk som blir tørrlagt ved redusert vassføring, for å sikre at fisk ikkje blir liggjande stranda over tid.
- Vasstanden skal ikkje bli senka meir enn det som er nødvendig for å gjennomføre tiltaket. Senkinga skal avgrensast så langt det er praktisk mogleg for å redusere verknadene for naturmangfald og andre allmenne interesser.
- Det skal førast protokoll over vasstanden i magasinet i det tidsrommet vasstanden er under LRV. Det skal meldast frå til NVE når tiltaket er gjennomført.
- Perioden med vasstand under LRV må gjerast så kort som mogleg. Oppfylling til normal vasstand skal skje så raskt som mogleg etter at arbeida er avslutta.
- Instrumentering for registrering av vasstand inntil 0,5 m under LRV skal etablerast samtidig med at magasinet likevel er nedtappa, dersom slikt utstyr ikkje allereie er etablert. Det følgjar av punkt 4.4 i NVE sine retningslinjer av 12.02.2024 for registrering av vasstand i reguleringsmagasin.
- Ramma partar skal kontaktast direkte for å bli informerte om tiltaket. Informasjon om tiltaket skal i tillegg publiserast på relevante nettsider, som nettsida til selskapet og sosiale

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

medium. Vi ber om at Fitjar Kraftlag SA kontaktar kommunen for å leggje ut informasjon om tiltaket på nettsidene til kommunen.

- NVE føreset at Fitjar Kraftlag SA har ordna dei privatrettslege forholda som eventuelt måtte bli skadelidande av tiltaket.

Høve til å klage

Vedtaket kan klagast på. Sjå opplysningar om rett til å klage på siste side.

Om søknaden

Rimbareid kraftverk ligg i Fitjar kommune i Vestland fylke og er eigd av Fitjar Kraftlag SA. Inntaket til kraftverket er i Olstjørna. Rimbareid kraftverk fekk 08.12.1999 konsesjon til drift av kraftverket med regulering av tre magasin oppstraums Olstjørna. Reguleringsgrensene for inntaksmagasinet Olstjørna er markerte i terrenget og vart fastsett i samråd med NVE den 13.07.2001 (200100783-21). Fitjar Kraftlag SA søkjer om å senke vasstanden i Olstjørna 2,5 m under LRV. Formålet med senkinga er i første omgang å undersøkje og kontrollmåle eit skadd inntaksarrangement i samband med utbetring av inntaksrista. Arbeidet er venta å ta om lag éi veke.

Oppstraums Olstjørna ligg magasin Svartavatnet, Midtvatnet og Kinnavatnet, som er del av nedbørfeltet og reguleringa tilknytt Rimbareid kraftverk. Før senkinga av Olstjørna vil desse vatna bli lagt noko lågare enn HRV. Svartavatnet har ei regulering på 2 m, Midtvatnet på 3,5 m og Kinnavatnet på 0,6 m.

Fitjar Kraftlag SA opplyser at store delar av Olstjørna blir mellombels tørrlagde ved senkinga. Fitjar kommune tek ut vatn frå Svartavatn, og Fitjar Kraftlag SA vurderer derfor at vassuttaket ikkje blir påverka. Dei kan heller ikkje sjå at tiltaket vil føre til nokon verknader for allmenne interesser utanom den synlege tørrlegginga av Olstjørna. Fitjar Kraftlag SA skriv vidare at Olstjørna før har vore delvis tørrlagt, til dømes i ein tørr periode på hausten 1999. Det tørrlagde området skal sikrast med skilting og sperreband. Etter at tiltaket er utført, skal tilførselen av vatn frå Midtvatnet opnast slik at Olstjørna fyllast opp att.

Høyring

På grunn av det avgrensa omfanget i saka har ho ikkje vore kunngjord lokalt. NVE har sendt søknaden på avgrensa høyring til lokale styresmakter for å få deira syn på saka. Vi har ikkje motteke nokon høyringsfråsegn.

NVE si vurdering

NVE kan gi løyve til å fråvike eit manøvreringsreglement etter vassressurslova § 8 når formålet er nødvendig reparasjons- og vedlikehaldsarbeid. Tiltaket fell etter vårt syn inn under dette formålet.

NVE har gjort søk i Naturbase og Artskart den 30.6.2026. Langs Fitjarelva mellom Olstjørna og utløpet i Fitjarvika er det ikkje registrert nokon raudlista naturtypar i Naturbase. I Artskart er det registrert 14 ulike raudlisteartar langs elvestrengen, derav 11 fugleartar, to fiskeartar og eit pattedyr. Av desse artane er det, etter NVE sitt syn, ål (sterkt trua – EN) og laks (sårbar – VU) som kan bli vesentleg påverka av tiltaket. Registreringa av ål er frå 2021, medan laks vart registrert i 1991.




NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

I høringsfråsegn frå 5.2.1999 under konsesjonsbehandlinga av Rimbareid kraftverk opplyser Fylkesmannen i Hordaland om ein god bestand av sjøaure i elva, opp til eit vandringshinder om lag 3 km oppstraums elva sitt utløp i Fitjarvika. Kraftstasjonen sitt utløp ligg om lag 400 m nedstraums for vandringshinderet, innanfor den anadrome strekninga i elva. Rådgivende Biologer AS gjorde i 2023 ei konsekvensutredning av naturmangfaldet ved elvemunninga i Fitjarvika. Dei konkluderte med at Fitjarelva truleg har ein stedefegen bestand av sjøaure (Tverberg & Sægrov, 2023).

NVE er ikkje kjent med at det er gjort nokon omfattande kartlegging av naturmangfaldet oppstraums for elvemunninga i Fitjarelva, eller i Olstjørna. Basert på Fylkesmannen si høringsfråsegn frå 1999, konsekvensutredninga frå Rådgivende Biologer AS, og registreringane av laks og ål i Artskart legg vi til grunn at elva har verdiar for både ål og anadrom fisk.

Senking av vasstanden i Olstjørna vil tørreleggje store delar av vatnet. Det er ikkje registrert naturverdiar i vatnet, verken i Naturbase eller Artskart. Fitjar Kraftlag SA har lagt ved eit djupnekart for Olstjørna, som viser at eit avgrensa område framleis vil ha ei djupne på inntil 2,5 m når vasstanden ligg 2,5 m under LRV (figur 1). I tillegg skal arbeidet gjennomførast i løpet av eit avgrensa tidsrom på éi veke. Etter NVE si vurdering vil dette bidra til å avgrense dei økologiske konsekvensane i vatnet.



Figur 1: Djupnekart for Olstjørna. Djupne på kartet er i forhold til HRV (0,5 m over LRV). Fitjar Kraftlag SA opplyser om at gult og grønt farga område ikkje vil bli tørrlagd som følgje av senkinga.

Når Olstjørna delvis blir tørrlagd, vil òg avrenninga til Fitjarelva stoppe. Elva har få flate parti og tersklar, og det er etter NVE si vurdering rimeleg å anta at øvre del av elva kan bli tørrlagd som følgje av tiltaket. Lengre nedstraums kjem det inn fleire mindre sidebekkar i samlaup med Fitjarelva. Gitt at det er tilstrekkeleg med tilsig medan tiltaket blir gjennomført, kan bidraget frå sidebekkane oppretthalde ei vassføring i den anadrome strekninga i elva. NVE meiner det er gunstig om tiltaket blir gjennomført i ei slik periode, der lokaltilsiget er stort nok til å avgrense potensialet for økologiske konsekvensar i Fitjarelva.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Det er søkt om ein tiltaksperiode frå 3. august til 3. oktober. Gyteperioden for laks og sjøaure varierer mellom bestandar og vassdrag, men er som hovudregel i tida frå oktober til og med desember. NVE meiner difor at arbeidet med fordel bør gjennomførast tidleg i tiltaksperioden, for ikkje å forstyrre gytinga.

NVE legg til grunn at perioden med senka vasstand gjerast så kort som mogleg, og at vassføringsendringar skjer gradvis, slik at stranding av fisk og andre vasslevande organismar blir minimert eller unngått. For å sikre at fisk ikkje blir liggjande stranda over tid, skal det førast tilsyn med areal nedstraums for utløpet frå Rimbareid kraftverk som eventuelt blir tørrlagt ved redusert vassføring. Vi føreset òg at vasstanden i Olstjørna ikkje blir senka meir enn det som er nødvendig for å gjennomføre tiltaket.

NVE meiner at vurderingane er i tråd med prinsippa i naturmangfoldlova som skal varetakast når vedtak treffest, jf. naturmangfoldloven §§ 8-12. NVE vil i samband med dette peike på at tiltaket er mellombels og av avgrensa omfang. NVE kan heller ikkje sjå at tiltaket er i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. naturmangfoldloven §§ 4 og 5. Føresett at dei gitte vilkåra blir følgde, kan ikkje NVE sjå at senkinga av Olstjørna får store negative konsekvensar for nokon kjende allmenne interesser.

NVE sin oppsummering og konklusjon

NVE legg vekt på at tiltaket er nødvendig for å utbetre inntaksarrangementet til Rimbareid kraftverk, og at perioden med senka vasstand skal vere kort. Senkinga vil føre til mellombels tørrlegging av store delar av Olstjørna og kan redusere vassføringa i Fitjarelva, men NVE meiner at verknadene kan avgrensast dersom dei gitte vilkåra blir følgde.

NVE gir løyve etter vassressurslova § 8 til at Fitjar Kraftlag SA kan senke vasstanden i Olstjørna inntil 2,5 m under LRV, i inntil éi samanhengande veke i perioden 5.8.2026–3.10.2026.

Med helsing

Oscar Østvold

fagleder

Hans Kristian Bugge Tørset

avdelingsingeniør

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

FITJAR KRAFTLAG SA

Kopimottakarliste:



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

FITJAR KRAFTLAG SA - THERESE NYSÆTHER
FITJAR KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkar vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.
Du kan be om avgjerd om utsett iverksetjing av vedtaket	Du kan be om avgjerd om at vedtaket ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjort. Klage på vedtak om samtykke til ekspropriasjon har utsetjande verknad, med mindre det er gjort vedtak om noko anna.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32, 36 og 42.